



OSTERØY KOMMUNE
Politisk- adm. sekretariat

Kommunaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.:
10/1067-2 ORN

Vår ref.:
10/1563-5 BES
10/17135

Arkiv:
N-016

Lonevåg
13.09.2010

**MULIG NY MODELL FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID:
SAMKOMMUNEMODELLEN - HØYRING**

Ein viser til dykkar skriv av 26.04 og 11.06. d.å.

Osterøy formannskap behandla saka i sitt møte 08.09.10 og det vart då vedteke å gi slik uttale:

Osterøy kommune er positiv til at det vert tilrettelagt for ei løysing som framstilt i høyringsnotatet. Modellen løyser likevel ikkje kommunane sin trong for handlingsrom og modellar som ivaretek:

- *Lokalstyret sin demokratiske forankring*
- *Lokalstyret sin trong for samla styring og prioritering*

Administrativ styring og koordinering.

De vert med dette gjort kjend med vedtaket.

Utskrift av møteboka ligg ved.

Med helsing


Bente Skjerping
Seksjonsleiar

OSTERØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Formannskapet	08.09.2010	134/10	BES

Saksansvarleg Bente Skjerping	Arkiv: N-016 Objekt:	Sak ID 10/1563
---	---------------------------------------	--------------------------

HØYRINGSNOTAT - NY MODELL FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID: SAMKOMMUNEMODELLEN - UTSATT HØRINGSFRIST

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

”Osterøy kommune er positiv til at det vert tilrettelagt for ei løysing som framstilt i høyringsnotatet. Modellen løyer likevel ikkje kommunane sin trong for handlingsrom og modellar som ivaretek:

- **Lokalstyret sin demokratiske forankring**
- **Lokalstyret sin trong for samla styring og prioritering**
- **Administrativ styring og koordinering**

I tillegg til dette vil Osterøy kommune merke.

- 1.
- 2.
3. ”

08.09.2010 FS-134/10 UTVALET SI HANDSAMING:

Ordføreren gjorde slikt endringsframlegg: ”Siste punkt går ut.”

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg med slik endring som foreslått av ordføreren vart samrøystes vedteke.

Formannskapet har etter dette gjort slikt vedtak om uttale:

”Osterøy kommune er positiv til at det vert tilrettelagt for ei løysing som framstilt i høyringsnotatet. Modellen løyer likevel ikkje kommunane sin trong for handlingsrom og modellar som ivaretek:

- **Lokalstyret sin demokratiske forankring**
 - **Lokalstyret sin trong for samla styring og prioritering**
 - **Administrativ styring og koordinering.”**
-

Kapittel 5 – Nærare om samkommunens økonomi mv.

Kapittel 5 tek for seg regulering av samkommunens økonomi mm.

Kapittel 6 – Klage, kontroll og tilsyn med samkommuna sine vedtak og virksomhet

Kapittel 6 omhandler klage, kontroll og tilsyn med samkommuna sine vedtak og verksemd.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Rådmannen ser det som positivt at ein utgreie nye modellar for samarbeid slik at kommunane har fleire modellar dei kan velje mellom. Samkommune kan vere ein modell for nokre.

Med utgangspunkt i situasjonen for samarbeid som Osterøy kommune er i vil denne modellen i praksis vere lite aktuelle. Dette fordi den avgrensar valfridomen vesentleg fordi det er høve til å delta kun i eit slikt samarbeid.

Vidare er det ein vanskeleg modell i forhold til å ivareta den samla styring av kommunen si drift. Dette fordi delar av drifta/oppgåveløysinga vert ivareteken av eit anna heradstyre der lokalsamfunnet kun har avgrensa representasjon, og dei som representerer lokalsamfunnet ikkje nødvendigvis er samordna med heradstyret i primærkommunen.

Ei samkommune vil også vere avgrensa i høve dei oppgåver som er lagt til denne. Dei som deltek i styringa av samkommunen vil såleis ikkje ha same heilskapsfokus som heradstyret i primærkommunen. Dette kan medføra prioriteringar og val som har indirekte konsekvensar for den samla drift utan at dei som har ansvar for heilskapen fullt ut tek del.

Rådmannen meiner at denne modellen kan i ein skilde samanhengar fungere godt, men det løyser ikkje utfordringa som kjem i høve samarbeid på tvers av kommune på ein tilfredstillande måte. Det må derfor arbeidast vidare med å finne fleire modellar som tek vare på både politisk og administrativ styring på ein meir heilskapleg måte.

Dato for saksutgreiing: 31.08.10

Trykte vedlegg: Høyringsnotat datert 26.04.10 (sendt ut til møtet 25. august)